Eksotiske beiteryd

SUNT BONDEVETT

MODERNE GARDSBRUK I KVINNHERAD

Kvinnheringane har vore bønder og drive gardsbruk i mange hundre år. Dei er ein del av den kvinnherske sjela. Men landbruket har utvikla seg mykje, og ikkje alle driv gard i tradisjonell forstand, slik dei gjorde på 50-talet. I denne serien skal vi bli kjent med den moderne gardbrukaren i Kvinnherad.

GODSAUEN: Per Magne Eikenes er besteven med både kasjmirgeitene og spelsauene. Her får han nuss og klem av spelsauen Nussi, ein av dei beste i saueflokken.

Ein fin og godlyndt flokk geiter, geitebukkar og kje av typen Kasjmir er kongar på haugane i Gjetingsdalen.

Det ser idyllisk ut der dei kvite geitene tek grovt føre seg av vegetasjonen mellom knausar og knattar på garden Eikenes i Gjetingsdalen inst i Mauranger. Per Magne Eikenes og Åse Bratland i rekkjetunet på Eikenes held seg med 20 vinterfôra kasjmirgeiter, pluss om lag 25 kje som vert leverte til slakting kvar haust. Rasen er relativt ny i Norge. Dei første dyra kom til landet på 90-talet. Til garden Eikenes kom dei alt i 2003. Geitene ser ut til å trivast like godt i Gjetingsdalen som i landa geiterasen kjem frå; fjellområda i Tibet, Pakistan, Kina og India, sjølvsagt inkludert Kashmir. Ikkje så rart at dei trivst. Klimaet passar dyra godt, dessutan får dei all den kjærleiken og omsorga dei kan ønskja seg av Per Magne og Åse. Nærkontakt med dyr er like viktig for begge to. Geitene vert tekne innandørs på hardaste vinteren og når dei begynner å kjea frå februar. Elles er dei ute på bakkane og jobbar.

Spøtar på

Paret på Eikenes har likevel ikkje dyr berre på grunn av kosen. Det handlar om å skapa aktivitetar som kan gi litt ekstra inntekter til å møta utgiftene med. Underulla i pelsen er noko av det mest eksklusive ein kan laga garn av. Sjølve fellen er òg ei god salsvare, mjuk og god som den er. Og Kasjmirgeita har fleire fordelar:

– Dei er supre landskapspleiarar og rolegare og meir godlyndte enn vanlege tamgeiter. Dessutan er kjøtet svært godt, rosar Per Magne.

Han er sjette generasjon Eikenes på garden, som har vore i familien like sidan tipp-tippoldefaren kjøpte jorda i 1808. Plassen ligg i eit bratt terreng som har gjort arbeidet ekstra krevjande. Til bruket høyrer 20 mål innmark, 50 – 60 mål beitemark, 650 mål utmark og betydelege fjellbeite. På eigedomen, som går frå sjøen til fjellet, står det 13 hus som skal vedlikehaldast. Seks av desse er i tunet som er ordna som eit rekkjetun saman med nabogarden. I tillegg til dei 20 kasjmirgeitene held Per Magne og kona seg med omtrent like mange vinterfôra spelsauer. Også desse blir det godt garn av. Per Magne er òg medeigar i småkraftverket Dalelvo Kraft. Å leva av gardsdrifta kan likevel ingen av dei greia åleine. Per Magne har hatt fast jobb i kommunen like til han nettopp gjekk av med AFP. Åse er oppteken med aktivitetane som er knytte til selskapet deira, Eikenes Sau & Silke.

Kunsthandverk

Åse er komen til garden frå Edland i Telemark. Ho har hovudfag i forming og folkekunst og brukar både hovudet og hendene flittig for å utvikla og halda i hevd norske tradisjonar innan handarbeid. I tekstilverkstaden sin i det gamle skulehuset i bygda syr ho ulike klede og anna, til dømes bunadssaum, handlenett og nåleputer m.m. Ho strikkar òg plagg av kasjmirulla og ulla frå spelsauene. Desse produkta er for sal. Noko av tida brukar ho til å halda kurs for andre rundt omkring, eksempelvis kurs i saum til Vest-Telemark-bunaden og metallknipling. Å gjera kasjmirulla om til strikkegarn er ein omfattande prosess og ein kunst ein ikkje har hatt tilgang på i Norge før i 2011. Før den tid vart den norske kasjmirulla samla på Gol, før ho vart sendt vidare til Aberdeen i Skottland for vasking, karding og spinning. Deretter kom ulla tilbake til Norge, med mellom andre Oleana som mottakar.

– Eg var sjølv med på prosessen i Aberdeen eit år. Det var svært lærerikt, fortel Åse frå

ldarar

SÆRSYNT: Garden Eikenes er del av eitt av få attverande rekkjetun.

LEKKER LUKSUS: Fjørlett og silkemjukt ullgarn frå kasjmirgeitene. Åse Bratland har her strikka pulsvarmarar og panneband. Produkta ligg på skinnfeller av same geiterasen.

det nøyaktige arbeidet med å klassifisera og vurdera den kostesame ulla.

Ei god geit kan gi opptil 200 gram ull i året. Den har til gjengjeld topp kvalitet og er svært lett. Til eit par pulsvarmarar går det med berre 25 gram tråd.

Telespinn

Åse ønskte at prosessen med å gjera kasjmirulla klar for strikking kunne gjerast i Norge. Det vart for tungvindt å senda dei relativt små mengdene frå Norge og like til Skotland. Derfor tok ho kontakt med selskapet Telespinn i Telemark, eit selskap som frå før hadde spesialisert seg på å klargjera ull frå mohairgeiter. Kort fortalt begynte Telespinn å spinna norsk kasjmirull frå 2011, deriblant den frå Eikenes.

– Eg blir stadig meir fornøgd med arbeidet dei gjer, men det tek si tid å prøva og feila seg fram til eit perfekt resultat. Ulla er både dyr og eksklusiv, difor er det så viktig å behandla ho rett, seier Åse.

Dei lekre garnhesplane à 25 gram, og dei endå lekrare produkta Åse har strikka av ulla, ser for eit utrent auga som vårt heilt perfekte ut.

– Per Magne gjer ein fantastisk jobb med dyra. Trivsel må nemleg til for å gi ull av god kvalitet. Den trivselen syt Per Magne for, rosar kona.

Her kan nemnast at kvar enkelt dyr, både i geite- og saueflokken, har eigne namn. Ekteparet har mykje moro med å finna namn som passar til lynnet. Og ikkje berre det; dyra lyder namnet sitt. Ei geit heiter for eksempel Erna, medan ei anna har fått namnet Siv.

– Erna er sjefen i flokken, medan Siv er meir trolsk og underdanig, fortel Åse muntert.

God plass

Vi lurer på korleis Åse frå Edland har funne seg til rette på den noko avsides og brattlendte garden i Gjetingsdalen.

– Her er det godt å bu. Både fordi eg fann kjærleiken her, og fordi vi lever tett på naturen. Så lenge eg har eit handarbeid, har eg det heilt fint, ikkje minst grunna arbeidsroa. Etter at tunnelane kom kjennest det faktisk ikkje så langt av stad heller, forsikrar ho.

Per Magne trivst òg med å ha overteke familiegarden.

– Eg er svært knytt til plassen og har djup respekt for det arbeidet tidlegare generasjonar har gjort her. Dessutan er eg avhengig av å ha dyr rundt meg, og det har eg jo her.

– Kva med neste generasjon, står nokon klar til å overta? spør vi med borna hans i tankane.

– Det må dei finna ut av sjølve. Eg verken pressar dei eller stressar med det. På Eikenes er det mykje å leva for, men ikkje av, hevdar Per Magne Eikenes.

TRUDE AARSAND
trude@kvinnheringen.no